

Gode kolleger i kommunane, Helse Førde, Fylkeslegen, Hauglandssenteret. Her kjem litt gamal og litt fersk info frå PKO samt oppdatering på PKO kalenderen. For dei legekantor som ikkje også har eiga epostadresse til kontoret ber eg om at kollegane deler informasjonen frå PKO med kvarandre.



Pakkeforløpskoordinatorar kreft i Helse Førde:

Kirurgisk: Hanne Elin Skår mobil: 95 98 72 74
Lungekreft: Sven Ivar Hove mobil: 95 98 72 75
Kirurgisk /medisinsk: Ingeborg Grimset Ravndal mobil : 48 03 26 38

<https://www.helsedirektoratet.no/produkter?tema=pakkeforlop>



Pakkeforløpskoordinatorar psykisk helse og rus i Helse Førde frå 04.02.19

Sønnøve Caroline Yndestad Ramsfjell mob 415 30 442
sonnove.caroline.yndestad.ramsfjell@helse-forde.no

Ellinor Kleppenes mob 415 30 437
ellinor.kleppenes@helse-forde.no

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/pakkeforlop-for-psykisk-helse-og-rus>



Viktig samhandlingsnettside - felles for kommunane, Helse Førde og Høgskulen

<http://samhandling-sfj.no/>



Ortoped Humborstad tilbake i Helse Førde - gir auka kapasitet for skulderkirurgi

Kari Anne Indrebø, Avdelingssjef i Helse Førde har sendt oss denne eposten:
Helse Førde får frå 01. oktober 2019 auka kapasitet på utgreiing og operativ handsaming av skulderlidningar. Kristian Sørland Humborstad er tilsett i overlegestilling som skulderkirurg. Han har hatt skulderkirurgi som sin hovudfelt sidan han var ferdig spesialist i ortopedi, og har arbeidd ved skulderseksjonen på Haraldsplass Diakonale Sjukehus dei 9 siste åra. Han skal ha utgreiingspoliklinikk på Nordfjordeid og i Førde. Han ser på alle typar skulderskader og skulderlidningar, etter kvart i samarbeid med våre fysioterapeutar og LIS-legar. Vi ber om at pasientane som vert tilvist har tatt røntgen av skulderen, ved innklemmingsproblematikk og slitasje, eventuelt MR, spesielt der ein mistenkjer skader på leddlepper/instabilitetar og rotatormansjettskadar. Vi håpar på godt samarbeid med fastlegar, fysioterapeutar og kiropraktorar.



Aldersgrense for helseattest ved førarkort hevast til 80 år.

I ulike sosiale medier og aviser har ein dei siste dagane kunne lese om nyordninga som er gjeldande frå igår 19.06. På nettsidene til Vegvesenet står det bl.a.:
"Hvis du ikke har helseproblemer, kan du nå vente til du er 80 år med å levere helseattest for å fornye førerkortet.

– Fram til nå har denne aldersgrensa vært 75 år. Denne heves altså nå til 80 år. Deretter må du fornye førerkortet og levere helseattest hvert tredje år hvis ikke legen av medisinske årsaker har gitt deg en kortere frist."

Det har også vore skrive noko om dette med kognitive testar. Nokon legar praktiserer enkle kognitive testar som ein rutine ved slike helseundersøkingar. Slike testar har vel også så langt vore tilrådd ved misstanke om kognitiv test. På nettsidene står det vidare om dette temaet:

"En annen nyhet er at kognitive tester skal ikke benyttes med mindre det er helt tydelige tegn på kognitiv svikt. Helsedirektoratet har fått i oppgave å ta en ny vurdering av de kognitive testene. Dette for at de skal vurdere om slike tester er den beste metoden å bruke for å fange opp kognitiv

svikt." <https://www.vegvesen.no/om+statens+vegvesen/presse/nyheter/nasjonalt/alders-for-helseattest-heves-til-80-ar>

<https://www.vegvesen.no/forerkort/har-forerkort/fornye-forerkort/fornye-forerkort-etter-fylte-80-ar>



Nytt frå samhandlingsbarometeret - statistikk på tilvisingar frå allmennlegar i Sogn og Fjordane

Samhandlingsbarometeret presenterer no ein ny statistikk på tema omkring tilvisingar. Statistikken viser at tilvisingane var aukande frå 2011 til 2014, men etter den tid har dei vore relativt stabile. Variasjonen mellom dei enkelte legane er framleis stor. Når det gjeld ØH innleggingar så har desse ligge stabilt dei siste 8 åra.

<https://samhandling-sfj.no/tilvisingar-fra-fastlegar-i-soqn-og-fjordane/>



Allmennlegar kan også rekvirere medisinsk obduksjon i Helse Førde

PKO har fått ein epost frå patologisk avdeling i Helse Førde der det bl.a. står:

"Helse Førde tilbyr medisinske obduksjonar for alle kommunar i Sogn og Fjordane.

- Det er ingen utgifter for kommunane ved ein medisinsk obduksjon
- Dette blir betalt av NAV
- Begravelsesbyrået transporterer den døde til medisinsk obduksjon. Dei sender rekninga direkte til NAV, så ingen pårørende blir belasta

Helse Førde har 5 patologar og 1 obduksjonsteknikar. Vi har også LIS ved vår avdeling som treng flest mogleg obduksjonar i si utdanning.

Obduksjonar er viktig for å kunne fastslå eksakt dødsårsak. Samtidig er det viktig som en kvalitetssikring for legar i forskjellige spesialitetar. Difor ønskjer vi å utføre så mange obduksjonar som mogleg.

Mange kvir seg gjerne på å spørje om dette med obduksjon. For å få inn ei god rutine hos rekvirentar treng det ikke vere ukjent dødsårsak for å rekvirere obduksjon, men det kan vere forhold ved sjukdomsutviklinga ein lurar på. Så lenge pårørende samtykker er vi positive til å utføre medisinsk obduksjon ved avdelinga."

Det er viktig å kontakte avdelinga før ein sender den døde til obduksjon. Det må også vere avklart at politiet ikkje vil begjære rettsmedisinsk obduksjon - denne må evt skje i Bergen. Patologisk avdeling i Førde har eigne rekvisisjonsskjema som skal nyttast ved tilvising til medisinsk obduksjon.

<https://helse-forde.no/avdelinger/medisinsk-klinikk/avdeling-for-patologi>

<https://tidsskriftet.no/2013/04/originalartikkel/medisinsk-obduksjon-ved-dodsfall-utenfor-sykehus>



Redusert kapasitet ved urologi i Førde

P.g.a. redusert kapasitet ved urologi i Helse Førde blir difor no ein del tilvisingar dit vidaresendt til privat spesialist i Bergen. Det vil komme noko meir detaljert info til fastlegane i Helse Førde området etter kvart. Ein minner også om at fatlegar kan tilvise direkte til private spesialistar. Lenken under viser avtalespesialistar som har avtale med Helse Vest

<https://helse-vest.no/behandlingsstader/avtalar-med-private/lege-og-psykologspesialistar>



PKO-kalender

Kurs i akuttmedisin hausten 2019

Det vert to kurs i akuttmedisin denne hausten.

Dato: 9. september 2019 08:30 - 10. september 2019 15:30

Stad: Førde

Ansvarleg: Helse Førde

Målgruppe: Leger og helsepersonell som har legevakt

Påmeldingsfrist: 27.08.2019

<https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/kurs-og-konferansar/2019/09/kurs-i-akuttmedisin-hausten-2019/>

Kurs i normaltariffen, logistikk, regnskap og skatt

Mandag, 16. september 2019

Målgruppe: LIS1, allmennleger og medarbeidere i Vestland og landet ellers.

Kursarrangør: Sogn og Fjordane legeforening

Kurskomite: Bjarne Storset og Audun Hammer

Kurssted: Thon Hotel Jølster, 6841 Skei

Påmelding til: E-post til Bjarne Storset: b@storset.net – Husk at du skal ha bekreftet påmelding på e-post. (ev. mobil 92 45 11 00).

Påmelding: 7. september (mulighet for å ta imot etteranmeldte)

[190916 Sogn og Fjordane - Program Normaltariffen.pdf](#)

Småbarndagar

Tid: Onsdag 23. og torsdag 24. oktober 2019

Pris: Kr 1550,- inkl. lunsj for begge dagane

Påmelding: www.smabarnsdagane.no

Ope for påmelding i tidsrommet 20.08.19 – 20.09.19

E-post: administrasjon@smabarnsdagane.no

Ved spørsmål, ring Førde BUP tlf. 57 83 92 07

[Kursfaldar småbarnsdagar 2019.pdf](#)

Nidaroskongressen

Trondheim i veke 43; 21.-25.10.19

<https://www.nidaroskongressen.no/>

Fagdag smittevern onsdag 06.11.

Stad: Auditorium Førde sjukehus

Tema: Dekontaminering – reingjering, desinfeksjon av utstyr og flater (med.teknisk utstyr). Basert på spørsmål til oss og kompetansenesta, ser me behovet for kompetanseheving på dette feltet.

Målgruppe: Sjukeheimar, legekontor og tannhelsetenesta

Føredragshaldarar frå Nasjonal kompetansetjeneste for dekontaminering, Oslo Universitetssjukehus og lokale heltar

Set av datoen og nærare info, program og påmelding kjeme.

Kontaktperson: laila.aarnes@helse-forde.no

Noklus kurs Solstrand

Målgruppe:

Leger og medarbeidere i primærhelsetjenesten i Helse Vest

Solstrand Hotel & Bad

1.-2.november og 15.-16.november. Kurshelg velges ved påmelding. Påmeldingsfrist:

07.06.2019

TEMA: Sykdommer i mage / tarm

Kurset arrangeres to ganger:

•Kurs I: 1. - 2. november

•Kurs II: 15. - 16. november

[Noklus Solstrandkurs 2019](#)

Med helsing

Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

